



# Møteprotokoll

**Utval:** Stølsheimen verneområdestyre

**Møtestad:** Voss. Park Hotell Vossevangen

**Dato:** 20.11.2023

**Tidspunkt:** 10:00 - 13:30

## Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sigbjørn Hauge	Leiar	Voss herad
Liv-Anne Aanesen	Nestleiar	Modalen kommune
Marta Sofie Vange	Medlem	Vik kommune

## Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Kristina Vakt skjold Hamre	Medlem	Vestland fylkeskommune
Petter Sortland	Medlem	Høyanger kommune

## Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Geir Helge Østerbø	Petter Sortland	Høyanger kommune

## Merknader:

Geir Helge Østerbø deltok på møtet digitalt.

Andre deltakarar:

- Nils Kvamme: innleigd skjøtselsarbeidar.
- Kristoffer Ullern Hansen: SNO Aurland.
- Veronica Seim Bech: Landbrukssjef Vik kommune.

## Andre frammøtte:

Namn	
Maria Baudonnel Underdal	rådgjevar
Anbjørg Nornes	sekretær / verneområdeforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Sigbjørn Hauge

Liv-Anne Aanesen



## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 23/23	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 24/23	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 25/23	Orienteringar og referatsaker		
RS 14/23	Referat - dialogmøte Stølsheimen verneområdestyre og rådgjevande utval 28.08.23 - 29.08.23		2019/18547
RS 15/23	Renovasjonsordning - veglause grender i og nær Stølsheimen landskapsvernområde		2022/575
RS 16/23	Notat - møte om skjøtselsarbeid i Finnabotnen - 20.10.23		2023/15986
RS 17/23	Dispensasjon - Stølsheimen landskapsvernområde - plukke og transportere stein - Fjærestadhola til sti i Sendedalen		2022/15789
ST 26/23	Stølsheimen landskapsvernområde - Finnabotnen - flytting av badestamp - gnr. 67 bnr. 3 i Vik kommune		2023/12201
ST 27/23	Stølsheimen verneområdestyre - tiltaksplan og SNO-ressursar 2024		2023/16900
ST 28/23	Stølsheimen verneområdestyre - drift av styret 2024		2023/16607

### ST 23/23 Godkjenning av innkalling og dagsorden

#### Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 20.11.2023

##### Handsaming i møte

Innkalling og dagsorden vart lagt fram til godkjenning.

##### Vedtak

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

### ST 24/23 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

#### Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 20.11.2023

## **Handsaming i møte**

Framlegg på Liv-Anne Aanesen til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar.

## **Vedtak**

Liv-Anne Aanesen vart valt til å skriva under møteprotokollen saman med styreleiar.

## **ST 25/23 Orienteringar og referatsaker**

### **Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 20.11.2023**

## **Handsaming i møte**

Nils Kvamme orienterte om skjøtselsarbeid som vart gjennomført i 2023.

SNO ved kristoffer Ullern Hansen orienterte om SNO oppsyn og kontroll i verneområdet i 2023. Det er gjennomført ei registrering solcellepanel på bygningar i Stølsheimen i 2023. Rapport vert sendt forvaltninga.

## **Vedtak**

Oppgåver til vidare oppfølging av forvaltarane:

- Merke at stien frå Finnabotnen mot Finden sluttar på Vetlehovden.
- Ta kontakt med Telenor for opprydding av gamal telefonlinje som ikkje lengre er i bruk både på land og i fjorden.
- Stølsheimen verneområdestyre ynskjer å vere medarrangør saman med Nordhordaland turlag på turen mellom Rappen og Indrefjorden sumaren 2024.

Referatsaker og delegert sak vart tatt til orientering.

## **ST 26/23 Stølsheimen landskapsvernområde - Finnabotnen - flytting av badestamp - gnr. 67 bnr. 3 i Vik kommune**

### **Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 20.11.2023**

## **Handsaming i møte**

Styret diskuterte saka i møtet. Styret vurderer det slik at badestampar som er knytt til bustadområder ikkje vil gje presedens for stølane. Plasseringa bak bygningen, tett ved huset og på same nivå som huset vil gjere den lite synleg frå fjorden og i landskapet generelt. Det er

avgjerande med ei skjerma plassering i landskapet, sjølv i bustadområde. Dette vil avgrensa presedensverkanden til andre saker. Styret meiner difor at tiltaket vil ha liten verknad på landskapets art og karakter, og vil ikkje vere i strid med verneføremålet i Stølsheimen landskapsvernområde. Tiltaket vil i liten grad påverke verneverdiane.

Tiltaket vil ikkje føre til skade på naturmiljøet jamfør §11.

Skal ein sette opp ein badestamp i verneområdet skal det vere i naturmateriale. I dette tilfellet skal stampen vere i tre. Ein badestamp skal ikkje føre til terrengendring og skal lett kunne fjernast att. Dette er ein akseptabel løysning jamfør §12.

Styret kom med nytt framlegg til vedtak. Framlegget vart samrøystes vedtatt.

## **Vedtak**

Stølsheimen verneområdestyre gjev løyve til å setje opp badestamp bak huset på gnr. 67 bnr. 3 i Finnabotnen i Stølsheimen landskapsvernområde. Løyvet er gitt med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde, og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyvet vert gitt med fylgjande vilkår:

- Badestampen skal plasserast bak bygningen, tett ved huset og på same nivå som huset slik at den vert lite synleg i landskapet.
- Stampen skal vere kledd med tremateriale slik den er i dag, og skal ha same utforming og storleik som i søknaden. Viser til bilete av badestampen i saksframlegget.
- Badestampen skal ikkje føra til terrengendring og skal settjast opp på ein slik måte at den lett kan fjernast att.
- Det skal sendast rapport med bilete til Stølsheimen verneområdestyre straks arbeidet er slutført.
- Frist for å flytte stampen og sende rapport er 31.05.2024.

Vi gjer merksam på at denne saka berre er handsama etter verneforskrifta.

## **ST 27/23 Stølsheimen verneområdestyre - tiltaksplan og SNO-ressursar 2024**

### **Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 20.11.2023**

#### **Handsaming i møte**

Skjøtselsarbeidet av kulturlandskapet skal lysast ut for 2024-2027. NoFence skal vurderast som moglege skjøtselstiltak etter restaurering av stølsbøane. Verneområdestyret vil at forvaltarane jobbar vidare med tiltaket med å felle granfeltet ved stien til Fossesete.

Vedtak i samsvar med innstilling.

## Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre vedtek tiltaksplan og bestilling av SNO-ressursar for 2024. Forvaltar kan i samråd med styreleiar justera budsjettet før det blir sendt til Miljødirektoratet innan fristen i januar 2024.

<b>Tiltaksplan for Stølsheimen 2024, prioritert rekkefølge</b>	
<b>Kort omtale av tiltak</b>	<b>Budsjett 2024</b>
<b>Framande tresalg</b>	
Fossesete - Dokumentera kva som skjer etter hogsten. Fjerna smågran i nærrområde ( <i>avsett midlar i Vik kommune</i> )	20 000
Hogst granfelt under Fossesete v/stien ( <i>avsett midlar i Vik kommune</i> )	60 000
Fjerna framande artar, klasespirea, Vetlestraumen	5 000
<b>Skjøtsel av kulturlandskap</b>	
Administrasjon, prosjektleiar	30 000
Sylvarnesdalen – slått, Hansinaselbøen – rydde skog	10 000
Negardstølen – restaurering selbø	10 000
Rotteskaret - restaurering selbø	20 000
Finnabotnen – Restaurering kulturlandskap - Botnastølen, Storeflåten, Granden, Ytsteflåten	40 000
Hest – restaurering stølsbø	15 000
Brydalen – restaurering stølsbø	30 000
Tilsyn stølsbø - Åsedalen, Hallsetstølen	5 000
Dunevollen – restaurering stølsbø	10 000
Vøvringen – restaurering stølsbø	10 000
Tilsyn stølsbø - Mørkves-Grøndalen, Skjervheims-Grøndalen, Finnbuene, Rappen, Raudberg, Hestfjellet	12 000
<b>Skjøtsel av stølsvegar og stiar</b>	
Restaurering av vegmur på sti frå Ålrek til Skardsvatnet	400 000
Tiltak på sti til Åsehidleren	15 000
Tiltak på sti Sendedalen	10 000
Rydde fram gamal sti i Sylvarnesdalen	10 000
Sti Finnabotnen - Fagerdalen, mur + vedlikehald	30 000
<b>Informasjonstiltak</b>	
Innfallspurt Vik sentrum: 1 skilt. Reparasjon Gryteberg 1 skilt i 2024 ( <i>avsett midlar Vik kommune</i> )	20 000
Parkeringsplass på Tenne ( <i>avsett midlar Vik kommune</i> )	50 000
Innfallspurt Modalen: 4 skilt, utforming parkeringsplass	259 000
Innfallspurt Vaksdal: 4 skilt, utforming parkeringsplass	227 000
<b>SUM</b>	<b>1 298 000</b>

<b>Bestilling av SNO-ressursar 2024</b>
Kontroll dispensasjonssaker
Kontroll motorferdsel vinter - Vikafjellet
Kontroll, byte av verneskilt
Tilsyn skjøtselsarbeid i kulturlandskapet, delta i skjøtsel

Delta på møte med verneområdestyre og RU
------------------------------------------

Oppsett av enkle temaskilt
----------------------------

## ST 28/23 Stølsheimen verneområdestyre - drift av styret 2024

### Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 20.11.2023

#### Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling.

#### Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre skal ha jamlege møte i 2024 for å handsame saker i verneområdestyre, og fylgje opp tiltak i forvaltningsplan og besøksstrategi.

Styret tek sikte på følgjande årshjul:

Februar: Styremøte med revidering av tiltaksplan for 2024

Mars: Konferanse for alle verneområdestyra i Vestland, og styremøte

April/mai: Styremøte teams

Aug./September: Styremøte med dialogmøte og synfaring med rådgjevande utval

November: Styremøte med planlegging av året som kjem

Dersom det ikkje er saker til dei planlagde styremøta, kan eit møte avlyst eller utsettast. Styret kan avgjera om nokon av møta kan gjennomførast som digitale møte.

Styret vedtek driftsbudsjett for 2024. Forvaltar kan i samråd med leiar gjera mindre endringar på budsjettet før det vert sendt til Miljødirektoratet innan fristen januar 2024. Satsar for møtegodtgjersle vert oppdatert i januar i trådmed statens personalhåndbok.

<b>Driftsutgifter for styret 2024</b>	
Møtegodtgjersle	104 743
Reiseutgifter	16 000
Møteutgift inkl. dialogmøte med RU og konferansen	32 300
Delfinansiering Felles konferanse for verneområdestyra i Vestland	5 000
Drift av nettside - besøksforvaltning	6 000
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>154 043</b>
<b>Utgifter i samband med planarbeid</b>	
Utgreiingar for skjøtselsplan i Finnafjorden	80 000
<b>Totalt berekna kostnader</b>	<b>244 043</b>